



Innst. 152 S

(2012–2013)

Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 23 S (2012–2013), kap. 490, 491 og 3490

Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2012 under Justis- og beredskapsdepartementet

Til Stortinget

Samandrag

Justis- og beredskapsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2012.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

Post 21 Særskilde driftsutgifter, statlege mottak

Som følgje av lågare driftskostnader ved ordinære mottaksplasser er det forventet eit mindreforbruk på 40 mill. kroner under kap. 490 post 21 i 2012.

Gjeldande løyving er basert på eit gjennomsnittleg belegg i mottak på 15 740, med 280 i mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar, jf. Prop. 111 S (2011–2012). Nyare prognosar viser at gjennomsnittleg belegg i mottak er venta å verte 15 700, med 270 i mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Mindreutgifta som følgjer av dette knytt til drift av asylmottak, vert anslått til 7,07 mill. kroner.

Samla vert det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 490 post 21 med 47,07 mill. kroner.

Post 22 Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting

Det er venta færre intervju som følgje av at dei nye prognosane anslår 500 færre asylsøkjjarar i 2012 enn kva som tidlegare er lagt til grunn. Vidare har det i mindre grad enn forventet vore brukt tolk ved ankomstintervju. På denne bakgrunn vert det i proposi-

sjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 490 post 22 med 4 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktningar

Det er venta eit meirforbruk på i underkant av 8 mill. kroner knytt til barnehagetilskot for 4- og 5-åringar. Vidare er det venta auka utgifter til alternativ mottaksplassering (AMOT) på om lag 6 mill. kroner. I tillegg er det venta lågare utgifter knytt til kompensasjon for talet på mottaksplassar og til særtilskot ved omsorgsovertaking og som følgje av redusert gjennomsnittsbetlegg i mottak.

Samla vert det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga under kap. 490 post 60 med 8,548 mill. kroner.

Post 70 Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak

Det gjennomsnittlege talet på bebuarar i mottak vert noko lågare enn det som er lagt til grunn for 2012, jf. omtale under kap. 490 post 21. Det gir eit venta mindreforbruk på om lag 1,3 mill. kroner under kap. 490 post 70. På grunn av endra samansetning av bebuarar i mottak er det eit ytterlegare forventet mindreforbruk på 8 mill. kroner.

Samla vert det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 490 post 70 med 9,255 mill. kroner.

Post 72 Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, kan overførast

På bakgrunn av forseinka framdrift i planlagde tiltak, er det venta eit mindreforbruk på posten. Løyvinga under kap. 490 post 72 vert difor i proposisjonen foreslått redusert med 3,5 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga under kap. 490 post 75 med 1,778 mill. kroner.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

Post 1 Retur av asylsøklarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter

Nokre av utgiftene som er knytt til retur og tilbakevending for flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om reduksjon i løyvinga under kap. 490 post 72 vert det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490 post 1 med 3,5 mill. kroner.

Post 3 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter

Nokre av utgiftene som er knytt til retur og tilbakevending for flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om auke i løyvinga under kap. 490 post 75 vert det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga under kap. 3490 post 3 med 3,414 mill. kroner.

Post 4 Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter

Nokre av utgiftene som er knytt til mottak for asylsøklarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av at talet på asylsøklarar som har budd meir enn eitt år i mottak har auka, og reduksjon i løyvinga under kap. 490 post 21 og post 70, vert det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490 post 4 med 107,823 mill. kroner.

Kap. 491 Utlendingsnemnda

Post 1 Driftsutgifter

Justis- og beredskapsdepartementet foreslår i proposisjonen å redusere løyvinga under kap. 491 post 1 med 1 mill. kroner mot tilsvarende auke under kap. 491 post 21, jf. omtale under kap. 491 post 21. Dette gjer det mogleg å auke saksavviklinga i UNE i 2012.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling

På grunn av fleire nemndhandsamingar enn tidlegare lagt til grunn, er det venta eit meirforbruk på 1 mill. kroner under kap. 491 post 21. På denne bakgrunn vert det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga under kap. 491 post 21 med 1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 491 post 1.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Lise Christoffersen, Håkon Haugli, Hilde Magnusson, Ingalill Olsen og Eirik Sivertsen, frå Framstegspartiet, Gjermund Hagesæter, Morten Ørsal Johansen og Åge Starheim, frå Høgre, Trond Helleland og Michael Tetzschner, frå Sosialistisk Venstreparti, leiaren Aksel Hagen, frå Senterpartiet, Heidi Greni, og frå Kristeleg Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, handsamar i innstillinga dei budsjettkapitla som høyrer inn under rammeområde 6 Innvandring, regional utvikling og bolig.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet merker seg regjeringens forslag til endringer i budsjettkapitlene 490, 491 og 3490. Disse medlemmer mener det er positivt at det merkes en liten nedgang i antall asylankomster, og at dette åpner for at bevilgninger over disse kapitlene reduseres.

Samtidig er disse medlemmer betenkt over at arbeidet med retur av asylsøkere med avslag og tilbakevending av flyktninger lider under forsinket fremdrift. Med tanke på at mellom 10 000 og 32 000 mennesker oppholder seg ulovlig i Norge, i tillegg til de som får avslag i 2012 og som plikter å returnere til sine hjemland, mener disse medlemmer det er viktig å få en bedre progresjon i dette arbeidet.

Disse medlemmer merker seg at kap. 490 post 72 reduseres, og at dette begrunnes med forsinket fremdrift i planlagte tiltak. Disse medlemmer er opptatt av at norske myndigheter har klare linjer når det gjelder returarbeidet, og at fokuset på dette området ikke bare opprettholdes, men økes. Disse medlemmer merker seg at regjeringen ikke forklarer hva denne forsinkede fremdriften beror på, og fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen fremme en sak om fremdriften i arbeidet med å returnere asylsøkere med avslag og tilbakevending av flyktninger, og om hvilke tiltak som kan implementeres for å sikre at fremdriften i dette arbeidet ikke forsinkes unødige.»

Forslag frå mindretal

Forslag frå Framstegspartiet:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen fremme en sak om fremdriften i arbeidet med å returnere asylsøkere med avslag og tilbakevending av flyktninger, og om

hvilke tiltak som kan implementeres for å sikre at fremdriften i dette arbeidet ikke forsinkes unødige.

Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
490		Utlendingsdirektoratet	
	21	Særskilde driftsutgifter, statlege mottak, vert redusert med frå kr 1 656 340 000 til kr 1 609 270 000	47 070 000
	22	Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting, vert redusert med frå kr 52 581 000 til kr 48 581 000	4 000 000
	60	Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktningar, vert auka med frå kr 252 472 000 til kr 261 020 000	8 548 000
	70	Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak, vert redusert med frå kr 493 811 000 til kr 484 556 000	9 255 000
	72	Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 124 825 000 til kr 121 325 000	3 500 000
	75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 13 853 000 til kr 15 631 000	1 778 000
491		Utlendingsnemnda	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 269 138 000 til kr 268 138 000	1 000 000
	21	Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, vert auka med frå kr 11 303 000 til kr 12 303 000	1 000 000
Inntekter			
3490		Utlendingsdirektoratet	
	1	Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med frå kr 112 232 000 til kr 108 732 000	3 500 000
	3	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter, vert auka med frå kr 13 714 000 til kr 17 128 000	3 414 000
	4	Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med frå kr 917 999 000 til kr 810 176 000	107 823 000

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 11. desember 2012

Aksel Hagen

leiar og ordførar